



Lærdal kommune

Formannskapet

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 19.03.2026

Møtetid: Kl. 10:00 - 14:00

Møtestad: Lærdal rådhus

Saksnr.:

Følgjande medlem møtte	Parti
Audun Mo	AP
Janne Marie Reppen	AP
Frøydis Helland	H
Viktor Yttri	SP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Sæmund Stokstad	SV	Birgit Olaug Lervik	AP

Møteleiar:	Ordførar Audun Mo
Frå adm. møte:	Kommunedirektør Gunn Lerøy
Dokument utlevert i møtet:	

Merknader:

Sak 019/26 og 20/26 vart handsama før sak 018/26

Rådgjevar kultur og informasjon Ole Ramshus Selthun var til stades ved handsaming av desse sakene.

Kommunalsjef Trine Grøttbø, arealplanleggar Sissel Øye og Niklas Aarnio var til stades ved handsaming av sak 015/26.

.

Kommunalsjef Trine Grøttbø var til stades ved handsaming av sak 023/26

Saksliste

Sak nr	Sakstittel	Gradering
PS-012/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS-013/26	Delegasjonssaker	
PS-014/26	Orientering, meldingar og skriv	
PS-015/26	Kommuneplanen sin samfunnsdel - framlegg til høyringsutkast	
PS-016/26	Etablering av kunstisbane i Lærdal - Sluttrapport frå styringsgruppa	
PS-017/26	Deltaking i Vest brann og redningsregion KO – utvida regionsamarbeid.	
PS-018/26	Veteranplan for Sognaregionen	
PS-019/26	Søknad om utvida salsløyve for alkohol - Øystein Bøe	
PS-020/26	Mogleg utvida skjenketid under Fotball VM 2026	
PS-021/26	Etablering av klyngetun	
PS-022/26	Filefjell løypelag - Søknad om tilskot frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet	
PS-023/26	Ivar Raa - Søknad til nærings- og konsesjonsavgiftsfondet	
PS-024/26	Forskrift om skulefritidsordning (SFO) i Lærdal kommune - utsett 005/06	
PS-025/26	Godkjenning av Møteprotokoll	

012/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjend

19.03.2026 Formannskapet

Tilleggsframlegg, foreslått av Audun Mo, Det norske Arbeiderparti

Formannskapet fekk ei orientering om ein hastesøknad om mellomfinansiering av Borgund Aktivitetspark. Formannskapet ber administrasjonen førebu ei sak til kommunestyremøte 26. mars.

Handsaming i møtet:

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke

FS - 012/26 Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjend

Formannskapet ber administrasjonen førebu ei sak om mellomfinansiering av Borgund Aktivitetspark til kommunestyremøte 26. mars.

013/26 Delegasjonssaker

Kommunedirektøren si tilråding:

Delegasjonssakene vert tekne til vitende slik dei ligg føre.

19.03.2026 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 013/26 Vedtak

Delegasjonssakene vert tekne til vitende slik dei ligg føre.

014/26 Orientering, meldingar og skriv

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet tek orienterina til vitande.

19.03.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Orientering frå ordførar

-KS sine toppleiarmøte for ordførar og kommunedirektørar i Oslo denne veka. Mykje fokus på framtidig bøkraft og at kommunane må klara seg med mindre ressursar i framtida. Sykkylven som blei kra til årets næringslivskommune kan syna til godt samarbeid mellom næringslivet og kommunen som ein suksessfaktor.

-Møte med NVE om flaumsikringsprosjektet og planprogrammet

-Litt om status for interkommunalt samarbeid

-Samarbeid mellom Helse Førde og legevakt om skadepoliklinikk. Her har det vore eit møte på Skei med Lærdal og Stad kommune som Helse Førde inviterte til.

Orientering frå kommunedirektør

-Årsrekneskapet (urevidert): Rekneskapet er i balanse med eit driftsresultat på om lag kr. 13,4 mill og avsetning til disposisjonsfondet med kr. 24,9 mill (inkl. integreringsfondsmidlar).

Samla mindreforbruk i drifta. Det blei ikkje gjort låneopptak i 2025 slik at gjelda har vorte redusert og fond auka. Samla sett eit godt økonomisk resultat for 2025. Årsrekneskapet for 2025 inkl årsmelding vil bli lagt fram som eiga sak for kommunestyret i april.

-Kommunedirektør og kommunalsjefar saman med IKT og HR deltek på eit program i regi av Digi Vestland om digital transformasjonsleiing. Mykje fokus på bruk av kunstig intelligens og korleis me kan endra måten me jobbar på.

-Sogn KO: Nye samarbeidsområde som det er gitt tilskot frå Statsforvaltaren til er samfunnssikkerheit og beredskap og ressurskrevjande brukarar. Arbeidet med etablering av NAV Sogn er i gang for 5 kommunar. Samarbeid om ureining og tilsyn av private avløp kjem opp til politisk handsaming snart.

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 014/26 Vedtak

Formannskapet tek orienterina til vitande.

015/26 Kommuneplanen sin samfunnsdel - framlegg til høyringsutkast

Kommunedirektøren si tilråding:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-14 blir framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel lagt ut på høyring og til offentleg ettersyn.

Høyringsperioden blir sett til 23. mars - 11. mai 2026.

19.03.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 015/26 Vedtak

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-14 blir framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel lagt ut på høyring og til offentleg ettersyn.

Høyringsperioden blir sett til 23. mars - 11. mai 2026.

016/26 Etablering av kunstisbane i Lærdal - Sluttrapport frå styringsgruppa

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek at Lærdal kommune ikkje kan støtta prosjektet Sogn Ispark økonomisk, slik finansieringsmodellen legg opp til.

12.03.2026 Lærdal ungdomsråd

Endringsframlegg, foreslått av Sebastian Olsen Haugen,

Kommunestyret vedtek at Lærdal kommune støttar prosjektet Sogn Ispark økonomisk, slik finansieringsmodellen legg opp til.

Røysting:

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

UNG - 006/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek at Lærdal kommune støttar prosjektet Sogn Ispark økonomisk, slik finansieringsmodellen legg opp til.

19.03.2026 Formannskapet

Nytt framlegg, foreslått av Viktor Yttri, Senterpartiet

Kommunestyret ber prosjektgruppa om å utgreie alternativ løysing for isbane, med islagte flater for lek og moro i fokus. Utgreidd løysing skal presenterast innan oktober 2026.

Utgreiinga skal innehalde finansieringsplan og driftskonsekvensar. Prosjektet må ha eit mål om reduserte driftskostnadar i forhold til noverande framlegg. Prosjektet skal vurderast i samband med rullering av økonomiplan for 2027 til 2030. Det vert løyvd inntil kr. 150 000,- til vidare utgreiing. Tilskot til utgreiing skal finansierast med midlar frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet.

Handsaming i møtet

Røysting

Det vart fyrst røysta om framlegget frå Viktor Yttri (SP):

For: 1 røyst (SP)

Mot: 4 røyster (AP, H)

Framlegget fall med 1 mot 4 røyster

Kommunedirektøren si tilråding:

For: 3 røyster (AP Audun Mo, Janne Marie Reppen) og (SP)

Mot: 2 røyster (AP Birgit Lervik) og (H)

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart vedteken med 3 mot 2 røyster

FS - 016/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek at Lærdal kommune ikkje kan støtta prosjektet Sogn Ispark økonomisk, slik finansieringsmodellen legg opp til.

017/26 Deltaking i Vest brann og redningsregion KO – utvida regionsamarbeid.

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal brann og redning søkjer om deltaking i Vest brann og redningsregion - VBR KO.

Kostnaden med innmelding og deltaking vert innarbeid i revidert budsjett i samband med 1. tertialrapport.

19.03.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 017/26 Vedtak

Lærdal brann og redning søker om deltaking i Vest brann og redningsregion - VBR KO.

Kostnaden med innmelding og deltaking vert innarbeid i revidert budsjett i samband med 1. tertialrapport.

018/26 Veteranplan for Sognaregionen

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek *Veteranplan for Sognaregionen* slik den ligg føre.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre justeringar av tekst i planen knytt til endring av kontaktinformasjon eller korrigeringar av meir redaksjonell karakter.

19.03.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 018/26 Vedtak

1. Kommunestyret vedtek *Veteranplan for Sognaregionen* slik den ligg føre.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre justeringar av tekst i planen knytt til endring av kontaktinformasjon eller korrigeringar av meir redaksjonell karakter.

019/26 Søknad om utvida salsløyve for alkohol - Øystein Bøe

Kommunedirektøren si tilråding:

Med heimel i alkohollova § 1-7 og § 3.1b.2 gjev formannslapet utvida salsløyve til verksemda Øystein Bøe, org.nr.: 916860277. Løyvet gjeld for alkoholhaldig drikk til og med gr. 2 - høgast 22 volumprosent alkohol - som er tilverka på garden der salet skjer, og elles i samsvar med innvilga statleg tilverkingssløyve

Som særskilt vilkår for løyvet ligg at avgrensingane i alkohollova § 3.1b.2 **blir overhalde**, det vil seia mellom anna grensene for totalt årleg sal, samansetnad av innsatsvarer i salsprodukta og desse sin art .

Styrar: Øystein Bøe

Avløysar: Tina Arefjord-Bøe

Løyvet er gyldig ut inneverande løyveperiode, til 30. september 2028, eller til anna vedtak er gjort.

19.03.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 019/26 Vedtak

Med heimel i alkohollova § 1-7 og § 3.1b.2 gjev formannslapet utvida salsløyve til verksemda Øystein Bøe, org.nr.: 916860277. Løyvet gjeld for alkoholhaldig drikk til og med gr. 2 - høgast 22 volumprosent alkohol - som er tilverka på garden der salet skjer, og elles i samsvar med innvilga statleg tilverkingssløyve

Som særskilt vilkår for løyvet ligg at avgrensingane i alkohollova § 3.1b.2 **blir overhalde**, det vil seia mellom anna grensene for totalt årleg sal, samansetnad av innsatsvarer i salsprodukta og desse sin art .

Styrar: Øystein Bøe

Avløysar: Tina Arefjord-Bøe

Løyvet er gyldig ut inneverande løyveperiode, til 30. september 2028, eller til anna vedtak er gjort.

020/26 Mogleg utvida skjenketid under Fotball VM 2026

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal kommune utvidar ikkje dei kommunale skjenketidene i samband med fotball-VM 2026.

19.03.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 020/26 Vedtak

Lærdal kommune utvidar ikkje dei kommunale skjenketidene i samband med fotball-VM 2026.

021/26 Etablering av klyngetun

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gå vidare med prosjektet som omtalt i saka.
2. Formannskapet får fullmakt til å vedta garanti for kjøp av eventuelle bueiningar som ikkje vert seld/blir ståande ledige.

19.03.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 021/26 Vedtak

1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gå vidare med prosjektet som omtalt i saka.
2. Formannskapet får fullmakt til å vedta garanti for kjøp av eventuelle bueiningar som ikkje vert seld/blir ståande ledige.

022/26 Filefjell løypelag - Søknad om tilskot frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet vedtek å avslå søknaden frå Filefjell løypelag.

19.03.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 022/26 Vedtak

Formannskapet vedtek å avslå søknaden frå Filefjell løypelag.

023/26 Ivar Raa - Søknad til nærings- og konsesjonsavgiftsfondet

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal kommune yter eit tilskot på kr 486 395,- til Ivar Raa. Tilskotet vert innvilga til påbygg og utvikling av gulrotpakkeriet på Raa. Tilskotet skal dekkast med midlar frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet. Tilskotet utgjer 35 % av totalkostnaden. Tilskotet føreset av vedlagte finansieringsplan vert realisert.

19.03.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 023/26 Vedtak

Lærdal kommune yter eit tilskot på kr 486 395,- til Ivar Raa. Tilskotet vert innvilga til påbygg og utvikling av gulrotpakkeriet på Raa. Tilskotet skal dekkast med midlar frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet. Tilskotet utgjer 35 % av totalkostnaden. Tilskotet føreset av vedlagte finansieringsplan vert realisert.

024/26 Forskrift om skulefritidsordning (SFO) i Lærdal kommune - utsett 005/06

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek forskrift for skulefritidsordninga (SFO) i Lærdal kommune med følgjande endringar:

- Frist for påmelding til sommarferie-SFO endrast til 15. april for å samsvare med barnehage.
- Leiingsstruktur vidareførast men med SFO-koordinator i staden for SFO-leiar, med presisering av at personal- og økonomiansvar ligg hjå rektor. Legge til ei presisering på at det er 0,25%adm pr barn frå de 21 bornet.
- Presisering av gratistilbod i feriar
- Opningstid i feriar fastsetjast, med minimum opningstid 08.00–15.30 og moglegheit for samordning av SFO tilbod ved behov for lengre opningstid.
- Bemanningsnorm vidareførast med formuleringa «kortare periodar» utan ytterlegare presisering.
- Leggje til pkt om oppseiing dersom plassen vert lite nytta under §7
- Dagens definisjon av SFO-året vert vidareført.

19.03.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 024/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek forskrift for skulefritidsordninga (SFO) i Lærdal kommune med følgjande endringar:

- Frist for påmelding til sommarferie-SFO endrast til 15. april for å samsvare med barnehage.
- Leiingsstruktur vidareførast men med SFO-koordinator i staden for SFO-leiar, med presisering av at personal- og økonomiansvar ligg hjå rektor. Legge til ei presisering på at det er 0,25%adm pr barn frå de 21 bornet.
- Presisering av gratistilbod i feriar
- Opningstid i feriar fastsetjast, med minimum opningstid 08.00–15.30 og moglegheit for samordning av SFO tilbod ved behov for lengre opningstid.
- Bemanningsnorm vidareførast med formuleringa «kortare periodar» utan ytterlegare presisering.
- Leggje til pkt om oppseiing dersom plassen vert lite nytta under §7
- Dagens definisjon av SFO-året vert vidareført.

025/26 Godkjenning av Møteprotokoll

Kommunedirektøren si tilråding:

Møteprotokoll vert godkjend

19.03.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 025/26 Vedtak

Møteprotokoll vert godkjend